



Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 16 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi og samfunnsvitenskap og lærerutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr ulike årsstudium og bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar.

HVL skal vere tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har ambisjonar om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Medieprodusent

Ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Bergen, er det ledig eit vikariat på eit år som Medieprodusent.

Stillinga er ved Senter for nye medier, som er ein del av Fellesadministrasjonen, Seksjon for forskning og ekstern samhandling. Senter for nye medier er høgskulens kompetansesenter for bruk av nye medium i undervisning, forskning og formidling. Senteret har 12 fast tilsette og held til på campus Kronstad i Bergen.

Senter for nye medier er ein sentral aktør i høgskulen si satsing på e-læring og digital kompetanse. Senteret ynsker å tilsetje ein medieprodusent (prosjektleder) i eitt års vikariat. Stillinga vert lyst ut i stillingskode 1113 prosjektleder. For særleg kvalifiserte søkjarar kan stillingskode 1434 (rådgjevar) vurderast. Vi søker ein høgt motivert og kompetent medarbeidar med spisskompetanse i streaming og videoproduksjon for nettbasert læring og formidling. Stillinga vil gje den som vert tilsett høve til å arbeida med varierte oppgåver i eit kreativt miljø som vil gje ettertrakta kompetanse og erfaring frå eit fagområde i vekst. Meir om Senter for nye medier: www.hvl.no/sfnm

Ansvars- og arbeidsoppgåver

- Streaming
- Videoproduksjon
- Digital læremiddelutvikling
- Brukarstøtte og rådgjeving

Kvalifikasjonar

- Relevant utdanning på minst bachelornivå eller tilsvarande

Ynskjelege tilleggskvalifikasjonar

- Pedagogisk kompetanse/røynsle
- Høg digital kompetanse og dugleik
- Kunnskap om nettverksarkitektur og video over IP
- Erfaring med teamarbeid og SMIDIG prosjektmetodikk (Scrum eller liknande)

Personlege eigenskaper

- Kreativ, løysingsorientert og med høg gjennomføringsevne
- Gode samarbeids- og kommunikasjonsevner

Lønsvilkår

Stillinga vert løna etter lønsregulativet i staten, stillingskode 1113 prosjektleder. Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Korleis søke stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stillinga" på denne sida.

Vi gjer oppmerksom på at søknader blir vurdert ut frå den informasjon som ligg føre i www.jobbnorge.no når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen. Dersom vitnemål, karakterutskrift eller anna dokumentasjon ikkje er på et skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsetjingar. Om vedlegga overskrider 15 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggjast ved som lenke.

Søknader kan ikkje sendast på e-post til enkeltpersoner ved høgskulen.

Generell informasjon

Den som vert tilsett må rette seg etter dei lover, forskrifter, instruksar og avtalar som gjeld for stillinga. Høgskulen på Vestlandet er under omstilling, og det kan bli gjort endring i stillinga sine ansvarsområde og plass i organisasjonen.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogeleg grad spegle mangfaldet i folket. Ei balansert samansetjing når det gjeld alder, kjønn, og tilsette med innvandrarbakgrunn er difor eit personalpolitisk mål.

Opplysingar om søkjarar kan verte offentlege, sjølv om søkjar har oppmoda om ikkje å bli ført opp på lista over søkjarar. Om oppmodinga ikkje vert tatt til følgje, vil søkjar bli varsla om dette.

Kontaktpersonar

Senterleder Morten Morlandstø, +47 55 58 79 16

[Heimeside](#)

Jobbnorge-ID: 150907, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut